

MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Prosjektnummer:	Plannamn: Detaljregulering for Gjermundshaugen Sør, gnr. 40/ bnr. 12	PlanID: 4612_2019902
Dato: 03.10.2022	Merknader knytt til: Offentleg ettersyn	Sakshandsamar:

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Vestland fylkeskommune, 08.09.2021	<p><u>Tilhøve til regional plan</u> Planen legg opp til fortetting med bustader som fremmer gange og bruk av sykkel. Planframlegget er soleis i tråd med regionale føringar.</p> <p><u>Universell utforming</u> Etterspør ein strategi for visuell utforming, tilgjenge relatert til omkringliggjande område, felles funksjonar og kvalitetar, til natur, landskap, skule, fritid og sentrum.</p> <p><u>Medverknad</u> Oppmodar til vidare samarbeid og dialog med grunneigarar, aktuelle lag og organisasjonar, born og unge, og eldre.</p> <p><u>Klima og energi</u> Føresegn 2.10 kan gjerast klarare for å setje krav til materiale med låge klimagassutslepp i eit livsløpsperspektiv. Saknar vurderingar kring energiløysingar og moglegheiter for alternative energikjelder i planframlegget. Det er føremålstenleg at det vert sett krav om at det skal leggjast til rette for å enkelt kunne montere elbilladar på parkeringsplassane. Oppmodar om at det og vert sett krav til tak og gode låsemoglegheiter for sykkelparkeringane.</p> <p><u>Overvatn</u> Bekken gjennom planområdet er lagt i røyr for å få ei god utnytting. Ein open bekk er ein ressurs for leik og opphald på leikeplass og grøntområda, har kvalitetar for biologisk mangfald og er eit godt klimatilpassingstiltak. Tykkjer at kvalitetane til bekken burde vore utnytta i planframlegget. Overvatn skal handterast lokalt ved bruk av blågrøne løysingar og tretrinnsstrategien. For å sikre at dette vert gjennomført bør ein i føresegnene innarbeide at overvatn skal handterast lokalt ved infiltrasjon og fordroying etter tretrinnsstrategien.</p>	<p>Dette er eit mindre bustadområde der ein ikkje legg opp til ein eigen visuell utforming for dette spesifikke området. Det er lagt til rette for gangveggar for å binda områda i saman og gjera gjennomgang i området lettare. Området er oversiktleg.</p> <p>Føresegn 2.10 er oppdatert med krav om bruk av materiale med låge klimagassutslepp i eit livsløpsperspektiv. Ny føresegn 2.11 for energiløysing er lagt inn. Vurderingar kring energiløysingar og moglegheiter for alternative energikjelder vert oppdatert. Det vert lagt til i føresegn 2.4 at det skal leggjast til rette for etablering av elbilladar.</p> <p>Bekken gjennom området var open i eit mindre strekk (om lag 20 m) innanfor området, og dette i samband med infrastrukturen (hovudleidningar for VA) i området gjorde det vanskeleg å få til ei god utnytting av området utan å flytte bekkeløpet.</p> <p>Føresegnene seier at prinsippa synt i VA-planen skal detaljprosjekterast og godkjennast i teknisk plan – det kan her presiserast at overvatnet skal handterast lokalt ved infiltrasjon og fordroying etter tretrinnsstrategien.</p>

	<p><u>Leikeplass</u> Kan leikeplass og gang samband inngå i og bli styrka som kulturlandskap, felleshage i ein større blågrønstruktur? Kan leikeplassen bli forma, dyrka og drifta som ein felles kulturhage? Oppmodar til å nytte naturmateriale- og element i utforming av leikeplass.</p> <p><u>Kulturarv</u> På Sveigarden er alle bygningane SEFRAK-registrerte. Det går fram av saka at ein tek sikte på å ta vare på våningshus og eldhus, men at ein i samråd med kulturavdelinga i kommunen ønskjer å riva løa. Bygningsvernkonsulent har vore på synfaring og laga eit fagnotat. VFK ser at det å bevare den gamle løa som ein del av det samla kulturmiljøet kan vera utfordrande og vil ikkje setja seg i mot riving. Vil likevel peike på at den gamle løa er eit kulturminne som er godt eigna for tilrettelegging for ny bruk. Gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.</p> <p><u>Infrastruktur og veg</u> Det pågår planarbeid for fv. 541, det ser ut til at denne planen blir tilpassa vegplanen.</p>	<p>Vanskeleg å leggja føringar for framtidig drift og bruk av leikeplassen.</p> <p>Teke til orientering.</p> <p>Det er lagt inn føringar for tilpassing i utforming og materialval for bygningar innanfor BF1.</p> <p>Det er lagt inn i føresegn 2.6 at riving av bygning frå før 1850 er meldepliktig etter kulturminnelova.</p> <p>Teke til orientering</p>
<p>Statens vegvesen, 07.09.2021</p>	<p>Tilkomst til området er via fv. 541. Reguleringsplanen har med seg rekkefølgekrav til etablering av vegar og fortau innanfor planområdet. Det framstår uklart kvar tilkomst med bil skal føregå. SKV3 og o_SV1 er begge opne for biltrafikk og gjennomgangstrafikk. Vi meiner at SKV3 bør stengast for biltrafikk og være open for gåande og syklende. Tiltak for mjuke trafikantar langs fylkesvegen er ivaretatt på ein god måte med fortau og gs-veg, men langs vestsida av planområdet er det ikkje tilbod til mjuke trafikantar, dette bør opparbeidast fram til kryss til Fjellvegen.</p> <p>Planområdet bør utvidast ut til fylkesvegen og det må sikrast tilbod til mjuke trafikantar frå fylkesvegen og inn i planområdet via SKV3 og o_SV1.</p>	<p>Tilkomst med bil til planområdet vert via o_V1 i nord. Her syner tilgrensande plan Gjermundshaugen gnr. 40/ bnr. 620, kryssområde med fv. 541 Tjernagelvegen. KV1 er tilkomst til eigedom 40/187, og det skal ikkje vera gjennomkøyring her. Dagens avkøyrsløse til eigedomen skal stengast i samband med tiltak langs fv. 541. Planen må sjåast i samheng med tilgrensande reguleringsplan under arbeid for fv. 541, her vert det regulert fortau og g/s-veg langs fv. 541. Plangrensa er lagt i samarbeid med VFK og reguleringsarbeid som er under arbeid her.</p>

<p>Statsforvaltaren 03.11.2021</p>	<p>Planen er fremja i strid med statlege føringar, særleg i høve omsynet til støy og merknader til samfunnstryggleik og ROS.</p> <p><u>Støy</u> Det vert opna for nye bueiningar innafor gul støysone, det same gjeld for leikeplass. Det er stilt krav i føresegnene til at støykrava skal stettast. Det er ikkje gjennomført støyvurdering. Fastsetting av støygrenser, utrekning av framtidig støy og å vise verknadane av det for planområdet og omgjevnadane, er sentrale plan-element i område der ein må rekne med støy. Støydempande tiltak kan og trengje areal. Stiller spørsmål ved om leikeplassen kan sikrast tilstrekkeleg mot støy.</p> <p><u>Barn og unge</u> Viser til Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, pkt. 5 om krav til fysisk utforming. Leikearealet er samla på ein stad sør i planområdet, i staden for å dele det i fleire mindre område. Positivt at det vert lagt vekt på universell utforming og at området skal opparbeidast med tanke på ulike aldersgrupper. Merkar oss likevel at leikeplassen er plassert nær den trafikkerte Sveiogata, og stiller spørsmål ved om dette arealet kan sikrast tilstrekkeleg mot støy.</p> <p><u>Samfunnstryggleik og beredskap</u> Det ligg eit aktsemdsområde for flaum knytt til bekken gjennom området. Dette tilhøve bør grunnjevast/utdjupast meir, og naudsynte krav til oppfølging i form av risikoreducerande tiltak må innarbeidast i føresegnene. Store delar av området ligg under marin grense. Her er det og trong for grunnjeving/utdjuping og ev. krav til oppfølging. Det går ikkje fram kva kompetanse og fagleg medverknad som ligg til grunn for utarbeiding av ROS-analysen. Vi er kritiske til at bekken ytterlegare skal lukkast. Dette er i strid med statlege planretningslinjer for klimatilpassing.</p> <p><u>Landbruk</u> Området, som omfattar 3,3 daa fulldyrka jord er allereie sett av som byggeområde. Positivt at det er stilt krav om etterbruk av matjorda til jordforbetring eller nydyrking.</p> <p><u>Utvida dialog med kommunen</u></p>	<p>Det er gjennomført støyvurdering der ein syner at ein tett støyskjerm på 1,8 m høgde vil skjerma leikeplassen tilstrekkeleg mot støy.</p> <p>Alle bustadbygg har minst ei stille side. Dersom det planleggast balkong/takterrasse ved støyutsett fasade for vegnære bustadar, vert det anbefala skjermingstiltak i form av tett rekkverk m.m. Delar av uteopphaldsareal har støynivå over grenseverdien $L_{den} \leq 55$ dB gitt i T-1442. Det må føretakast ei nærare berekning opp mot arealkrav i føresegnene ved byggesøknad.</p> <p>Det er lagt inn nye krav for støytiltak i føresegn § 2.9, med rekkefølgekrev til dokumentasjon og gjennomføring av tiltak før det vert gjeve bruksløyve for nye bueiningar.</p> <p>Det er gjennomført ei flaumvurdering av bekkedraget som går gjennom området.</p> <p>Flaumvurderinga underbygger vurderingane som er gjort for planområdet. Eit 1000 mm overvassrøyr gjennom feltet, med meir enn 3% fall vil kunne handtere Q_{200} klima flaum. Overvatn frå utbyggingsområdet er planlagd åtskilt frå bekkeløpet, og vert ikkje leia inn på dette. Dimensjonen på røyret under Sveiogata skal aukast til 1000 mm. VA-plan er oppdatert.</p> <p>Det er utført prøvegraving på ulike stadar innanfor planområdet, for å stadfesta djupne til fast fjell. Desse syner at det er mindre enn 2 meter til fast fjell i området. Då området og har ei slak helling kan ein dermed utelukke områdeskred av kvikkleire.</p> <p>Angåande bekkelukking er grunnjevinga for lukking av bekkeløpet at planområdet er relativt lite, og både bekketrase og trase for hovudvassleidningar tek mykje areal gjennom området. Det er difor viktig å få samla</p>
--	--	--

	<p>Statsforvaltaren sine merknader til planen er først og fremst knytt til støy og manglande støyvurdering. Støydempande tiltak kan trengje plass og kan kome i konflikt med andre tiltak i planområdet. Planen må vise korleis ein løyser støyproblematikken.</p> <p>Leikeplassen er plassert innanfor gul støysone og det kan vere aktuelt å leite etter alternativ. Det renn ein open bekk i delar av planområdet og det er planlagt å legge denne i røyr. Det kan sjå ut som om området rundt mekke består av myr. Stemmer det? NVE still spørsmål ved om røyret som går under Sveiogata er tilstrekkeleg ved 200 års flaum + klimapåslag.</p> <p>Kritisk til at bekken ytterlegare skal lukkast då dette er i strid med statlege planretningslinjer. Opne løysingar må vurderast. Kvikkleire: lausmassekartet seier morenemateriale. Det er mindre sannsyn for førekomstar av marin leire under desse lausmassane. Dersom det er lite lausmassar så kan ein også utelukke områdekred av kvikkleire.</p> <p><u>Oppsummering</u></p> <p>Den utvida dialogen har ført fram, og kommunen har utvida fristen for medverknad og motsegnsvurdering inntil nytt planframlegg er sendt oss til uttale.</p>	<p>dette mest mogleg for å nytte minst mogleg areal til denne infrastrukturen.</p>
<p>Dan Sindre Helgø, 01.09.2021</p>	<p>Veg som er tegnet inn til nabolomt som går helt inntil mitt hus må flyttes slik at den går utenfor mine grenser på tomt 40/52. Jeg ønsker selv og utvikle denne tomten på et senere tidspunkt og trenger det arealet bak der til parkering og diverse.</p>	<p>Vegen er endra til midt på grensa mellom 40/52 og 40/676. Den vil då gje tilkomst til begge desse eigedomane. Det vil ikkje vera aktuelt i framtida å få tilkomst direkte frå fv. 541 til desse eigedomane.</p>
<p>Askild Haugland, på vegne av Anfin Haugland, 06.09.2021</p>	<p>Utbygger disponerer ikke GBG1, som er det største grøntområdet innenfor planområdet. Dette området hører til gnr. 40, bnr. 46. Utbygger kan dermed ikke legge til grunn for utbyggingen at GBG1 «skal nyttast til felles grøntområde og vera open for ålmenta». Dersom utbygger er pålagt å tilrettelegge for fellesområder må dette vurderes ut fra det som er tilrettelagt innenfor området som utbygger faktisk disponerer, dvs. GBG 2-5. GBG1 er en skogkledd skråning som har vært i bruk til bikuber og birøkt siden 1966. Det foreligger ingen planer om å endre bruksmåte for dette området. Men det er privat område som utbygger ikke disponerer over – utbygger kan derfor ikke legge</p>	<p>Me endrar føresegnene for området. Dette arealet vil då verta regulert til grøntområde, men ikkje opent for ålmenta. Arealet ligg inne i kommuneplan for Sveio sentrum som noverande friområde, og har dermed vorte teke med vidare som grøntområde.</p>

	<p>til grunn for sin utbyggingsplan at GBG1 skal inngå blant fellesarealer som skal være «opne for ålmenta».</p> <p>Punkt i reguleringsplanen hvor rundt halvparten av gnr. 40 bnr. 46 reguleres til grøntområde GBG1 bestrides pga at utbygger ikke disponerer dette området og fordi dette vil føre til en verdiforringelse av gnr. 40 bnr. 4</p>	
<p>Nina Svendsbø, Mariann og Audun Svendsen, 06.09.2021</p>	<p><u>Avgrensing av tomt:</u> Krever at tomten blir innrammet med steinmur. Videre må det sørges for skjerming for lyd og innsyn med hensyn til både lekeplass og gangsti som ligger helt inntil tomten i nordøst. Her vil det bli betydelig økt ferdsel og vi ønsker derfor skjerming mot innsyn og lyd. Det må og tas hensyn til sikkerhet og sørge for at barn ikke kan klatre opp på tomten og dra ut fyllmasse.</p> <p><u>Innkjøring til tomt:</u> Ser at det er beregnet 2 innkjøringer til tomten, dette ser vi på som unødvendig og lite praktisk. Det vil redusere muligheter for parkering og snuplass på tomten, samt at innkjøring kommer i konflikt med fritidsboder. Vi ønsker en felles innkjøring, midt på tomten. Vi ønsker ikke at innkjørsel/vegen til 40/52 kommer inn på vår tomt.</p> <p><u>Ny gangsti sør for tomt:</u> Det er tegnet inn ny gangsti mellom vår tomt og Sveiogata. Denne vil ligge svært nær og helt inn til tomtegrensen, noe som fører til fullt innsyn til hagen og terrassen til nr. 59. Vi krever at byggeutvikler tar ansvar for dette og setter opp en vegg som er høy nok til å skjerme innsyn og støy.</p>	<p>Utbyggjar ser ingen grunnar for å innfri kravet om innramming av tomt med steinmur.</p> <p>Det vil vera naturleg å gjerda inne leikearealet mot tilgrensande eigedomar, delar av inngjerdinga vil verta som støyskjerm. Type inngjerding og plassering vil verta del av utbygginga, og vil måtta avklarast i samband med utbygging av området. Det står i føresegnene at nivåskilnadar skal sikrast.</p> <p>Plankartet er endra slik at det vert mogleg å opparbeida ein samla tilkomst til eigedomen – om lag midt på tomta – dette er markert med pil.</p> <p>Det er etter krav frå Sveio kommune regulert inn fortau langs Fv. 541, Sveiogata. Det er ikkje stilt rekkefølgekrav til opparbeiding av fortau framom dykkar eigedom, dette vil naturleg vera ein del av arbeidet i samband med tilrettelegging av fortau langs Sveiogata inn mot sentrum.</p>
<p>Håkon J Skimmeland, Åse Hauge og John Edvin Bagne, 09.09.2021</p>	<p>Skuffande å registrer at konsulent ikkje har vore i kontakt med undertekna for å drøfte vidare arbeid med planen. God dialog er heilt essensielt for å unngå konflikt.</p> <p>Overraska over at det er føreslått bygging av einbustadar i området omtala som BFS1 i plankart. Her er det knapt med plass – og arealet står fram som eit restareal som i liten eller ingen grad er brukbart for vidare utbygging av bustader. Det er lagt opp til bustader på to plan med gesimshøgde på 6 meter, og mønehøgde på 8 meter. Slik høgde vil øydelegge heilt for utsikt for eksisterande og framtidige bustader på Gjermundshaugen, og øydelegge for livs- og bukvaliteten i området. Dette vil og</p>	<p>Det er utarbeida eit forslag til plan – og denne er no ute på høyring for å få inn innspel og kommentarar.</p> <p>Område BF1 er sett av til bustadformål i kommunedelplan for sentrum, og ein ser ikkje noko argument for at dette arealet ikkje skal kunna byggast ut. Det må vera pårekneleg for tilgrensande bustadar at eit areal som ligg som utbyggingsområde i framtida kan byggast ut. Forslagsstillar vil vurdere gesims/mønehøgde, samt å setja ei kotehøgde for ferdig golv 1. etasje for desse bustadane. Me kan ikkje sjå at bygging av bustadar på det omtala arealet vil øydelegge for livs- og bukvaliteten for omkringliggjande bustadar. Utbygging kan gjerast på</p>

	<p>foringe verdien av eigedomane. Kan ikkje sjå at det er teke tilstrekkeleg omsyn til allereie eksisterande bumiljø og naboar. Høgdeplassering av nye bygningar må avklarast innanfor den ramma som reguleringsføresegnene representerer, her må gesims, mønehøgde, og ikkje minst kotehøgde for ferdig byggemodna tomt vera tydeleg avklart.</p> <p>Det blir i både lokale planar og overordna retningslinjer lagt vekt på fortetting. Sveio må ta vare på å dei spesielle kvalitetane som tettstaden representerer. I Sveio sentrum har ein kunna utvikle ulike bustadområde i «terrasser» for å ta vare på utsikts- og solforhold. Fortetting er knytt til definisjonen av «tettstad». Vårt krav er at heile BFS1 blir teken ut som område for frittliggjande småhus, og heller regulert til grøntområde. Eit kompromiss måtte bli at dei tre bustadane i område BFS1 berre blir tillate å byggast på eit plan, og med absolutt maks byggehøgde på fire meter, med avklara kotehøgde for ferdig byggemodna tomteareal. Til gjengjeld kunne ein ha opna for ein viss grad auka BYA.</p> <p><u>Ytterlegare merknader i brev datert 20.09.2021</u></p> <p>Det er utført lasermåling for å illustrere framtidig byggehøgde. Målingane er gjort ut frå dagens kotehøgde.</p> <p>Vedlagte bilete viser tydeleg kor ekstremt dominerande effekt bygg med 8 meter høgde vil få. Byggehøgde vil og ha svært negativ effekt i høve soltilhøva for gnr./bnr. 40/631.</p> <p>Syner til nabolova § 2, og tolegrensa i naboforhold. Spesifikt går dette på tap av sol og utsikt, samt verdireduksjon.</p> <p>Forslag til kompromiss er at det vert gjeve løyve til å bygga på eit plan, med maks byggehøgde 4 meter – kotehøgde må vera bestemt på førehand og i planen.</p>	<p>ein god måte slik at fleire kan få glede av utsikta mot Vigdarvatnet. Det er stor høgdeskilnad på terrenget i område.</p> <p>Det er ikkje aktuelt å ta ut arealet som bustadområde og erstatte det med grøntareal.</p> <p>Bygningane på desse tomtene må sjølvklart leggast noko inn i terrenget for å sikra ein god tilkomst frå vegnivå. Det er difor heilt urealistisk å ta utgangspunkt i den kotehøgda som er gjort ved billedokumentasjon. For å imøtekoma merknadane er det sett ein kotehøgde på topp golv i 1. etasje, samt redusert maks byggehøgde til 7 meter.</p> <p>Løa som står på 40/12 har ei maks mønehøgde på kote +35,7. Vegen inn i området er prosjektert til å liggja på mellom +27 – 27,5 i området. Det er difor satt ok golv 1. etasje til +28 for tomt 1 og 2, og kote +28,5 for tomt 3. Ut frå kart og godkjent byggesak er ok golv for 40/657 på kote + 34,5, 40/658 på kote +35,1. 40/659 sannsynlegvis tilsvarande.</p> <p>Ut frå dette vil ei maks byggehøgde på 7 m ikkje vera til turvande ulempe for naboar. Maks byggehøgde vert då om lag som eksisterande løe som står på eigedomen i dag. Bygningane er og saksa i høve bakanforliggjande bygningar slik at det vert gode siktsoner mellom bygningane.</p> <p>Det har vore møte mellom partane, der ein er samde om at føresegnene som er sette vil taka i vare både nye og eksisterande bygningar på ein god måte.</p>
Lars Berner Mjånes, 08.09.2021	<p>Utbyggingen skal ikkje føre til forringelse – begrensninger for senere bruk av vårt tomteareal som vil grense til dette området. Her skal heller ikkje utbyggingen føre til begrensninger for tilkomsten til vårt nåværende areal.</p> <p>Området er i dag parkering og lager for maskiner og utstyr tilknytt Mjånes Graving og Transport. I forhold til økt ferdsel/trafikk, større innsyn og ikkje minst sikkerhet for barn,</p>	<p>Eigedom 40/411 er innlemma i planområdet etter ønskje frå Sveio kommune.</p> <p>Det er ikkje gjort anna endring for eigedomen enn å leggja inn noko areal til anna vegareal, samt å leggja inn byggegrens for eigedomen. Dagens tilkomst til eigedomen er oppretthalde i planen.</p>

	<p>krever vi at utbygger ta ansvar og kostnad for oppføring av fundament og skjermvegg som hindrer direkte innsyn og sikrer lagerområdet mot vegen.</p> <p>På dette området er det senere tiltenkt oppføring av lagerbygg/større garasje for virksomheten, utbyggingen skal ikke være begrensning når en evt. byggesøknad meldes på dette.</p>	<p>Det er grunneigar/bedriftseigar sjølv som må sikre sine områder i høve type anlegg/ utstyr som vert lagra på området, området er synt som bustadområde i kommunedelplan for Sveio sentrum.</p> <p>Føresegnene for området gir at det kan førast opp garasje på maks 50 m². Om eigedomen ikkje hadde vorte regulert ville det vera krav til regulering før nye tiltak ville verta godkjent, evt. søknad om dispensasjon. Kommunedelplan for sentrum opnar ikkje for større garasjar i området.</p>
<p>Innspel frå intern høyring i Sveio kommune</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Alle kommunale vegar skal ha snuhammar i endepunkt 2. Synast det var «litt lite» fortau langs fylkesvegen som skulle byggjast. Dei bør vel byggja fortau der i det minste nedanfor BKS1 også. 3. Er løysinga med å ha «intensivbelysning» utan å ha gangfelt diskutert med Vestland fylkeskommune? Er sjølvstøtt einig i at gangfelt på feil plass kan gje falsk trygghet. Men her er det jo berre et kryssingspunkt der dei er tvunge til å krysse vegen. Dersom det intensivbelysast og ein har opphøgd gangfelt tenker eg at det er ei bra løysing, det beste ein får til slik situasjonen er. Dette bør avklarast med fylkeskommunen. 4. Me tenker at leikeplassen kan vera felles privat (ikkje kommunal) 5. Dei smale gangvegane i feltet tenker me kan vera private gangvegar. 6. Me meiner gangvegen nedanfor leikeplassen bør sikrast med bom der ein kjem ut på fortau ved fylkesvegen. 7. Me tenker at friområdet for GF1 og områda med blågrøn struktur framstår det som uklart korleis dei skal opparbeidast og kva funksjon dei har som gjer at dette må/bør vera offentlege friområde. Vi meiner dei skal regulerast til privat felles område evt. friluftsområde. Vi vil ikkje ha privat fordrøyinganlegg i eit offentleg friområde. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Både o_V1 og o_V2 har snuhammar i ende av veg. 2. Dette er avklart på eit tidlegare tidspunkt i planarbeidet. 3. Me kan endra formuleringa i føresegna til «belysning» 4. Leikeplassen er ikkje regulert til offentleg areal, men er felles for bustadane innanfor planområdet. 5. Me vurderer at GG1, GG2, GG3 og GG5 kan vera offentlege, resten private. Desse gangvegane er gjennomgangar og skuleveg for barna i nærområdet. 6. Dette er innarbeida på plankartet og i føresegnene. 7. Områda regulert til blågrønstruktur er ikkje tenkt offentlege, men private – opne for ålmenta. <p>GF1 (FRI i oppdatert plankart) er del av friområde 1 som er regulert til offentleg friområde i tilgrensande plan – Gjermundshaugen gnr. 40, bnr. 620.</p> <p>BG1 vert ikkje regulert opent for ålmenta etter innspel frå grunneigar.</p>

